**Statens vegvesen**

Kibsgaard-Petersen AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Transport og samfunn | Vidar Neraas / 71274773 | 22/237274-2 | | 30.11.2022 |

# Uttale til varsel om oppstart av privat detaljreguleringsplan Aursnes industriområde - Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 24.11.2022.

## Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge føringer for videre utvikling av Aursnes industriområde.

## Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

## Våre innspill

Det er ikke klart for oss om tidligere regulert boligareal skal videreføres eller ikke. Boligformålet er ikke videreført i kommunedelplanen for Ikornes, og vi tilrår at en slik arealbruk følges opp i detaljreguleringen. Bakgrunnen for dette er at boligbebyggelsen bør samlokaliseres med den øvrige, nord for fv. 60, slik at ferdsel langs lokalvegnettet kan skje uten å måtte krysse fylkesvegen. Videre er lokaliseringen uheldig med tanke på miljømessige

ulemper fra vegtrafikken. Vi har ingen særlige innspill til at det startes planarbeid her så lenge planleggingen skjer i samsvar med bestemmelser og retningslinjer gitt i kommunedelplanen for Ikornes.

Atkomst til planområdet skjer over kommunal veg, Naustvegen. Med arealbruk som genererer mer trafikk til området, må det vurderes om dimensjoneringen av krysset og det videre forløpet er tilfredsstillende. Kan eksempelvis to større kjøretøy møtes uten avviklingsproblemer.

Passeringslommen som er regulert og bygd på fv. 60 er ikke i henhold til dagens krav i håndbok N100. Den synes både smal og er for kort, jf. krav 4.1.1.4-1.

Det er etablert en busslomme langs fv. 60 som grenser mot planområdet. Denne er ikke utformet i henhold til dagens krav til utforming. Det må settes av tilstrekkelig areal til at denne kan utbedres i henhold til kravene i kapittel 4.3.3 i håndbok N100.

Et næringsområde skaper arbeidsplasser. Videre er det etablert en bolig i området, For at flere skal kunne sykle eller gå på jobb, er det viktig at det legges til rette for en trygg ferdsel. Det er regulert gang- og sykkelveg på nordsiden, men denne er ikke bygd ut. En alternativ løsning for de som bor i områdene nord for fylkesvegen, og midlertidig løsning for de som kommer langs fylkesvegen, er over lokalvegnettet. Det synes å være lagt opp til kryssing i krysset mellom fv. 60 og Fauskevegen. Nærmere vurderinger knyttet til ferdsel av mjuke trafikanter til området må vurderes.

**Konklusjon**
Over har vi gitt innspill om noen forhold som bør utbedres på vegnettet. Tiltak som finnes nødvendig for videre utvikling av industriområdet, må sikres med rekkefølgekrav, jf. plan- og bygningsloven § 12-7, pkt. 10. Vi ber om at våre innspill tas med i det videre arbeidet med reguleringsplanen.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN

172#382:be771864-2870-46de-af61-644d87bddfb7:4

KYSTVERKET

KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

| Deres ref | Vår ref | Arkiv nr | Saksbehandler | Dato |
|---|---|---|---|---|
| | 2022/6047-2 | | Marie Gisetstad Andersen | 01/12/2022 |

**Svar på varsel om oppstart av privat detaljreguleringsplan - PlanID 15282022003 - Aursnes industriområde - Sykkylven kommune - Møre og Romsdal fylke**

Vi viser til brev av 24.11.22 vedrørende varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Aursnes industriområde i Sykkylven kommune.

Formålet med planen er å legge føringer for den videre utviklingen og utbyggingen innenfor området. Forslagsstiller har eksisterende fabrikk innenfor planområdet og de ønsker å utvide fabrikken og bedre vegen mellom produksjonslokalene.

## Grunnlaget for Kystverkets engasjement i planarbeidet

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerhet og beredskap mot akutt forurensning og jobber for en effektiv og sikker sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringens behov for framkommelighet og effektive havner. Kystverket deltar i planmedvirkning og utøver myndighet etter havne- og farvannsloven.

## Innspill til planen

Planområdet ligger på Aursnes. Området ligger nært farleder med tilhørende farledsareal, og det er en del ferdsel i området. Det er viktig at det ikke planlegges for tiltak som begrenser sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken. Kystverket ser det som viktig at kaifunksjonen ivaretas i det videre planarbeidet.

Vi gjør oppmerksom på at tiltak kan kreve tillatelse etter havne- og farvannsloven §14.

Kystverket har ingen øvrige merknader til oppstartmeldingen.

Med hilsen

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Marie Gisetstad Andersen
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sykkylven kommune | Kyrkjevegen 62 | 6230 | SYKKYLVEN |

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 20.12.2022

Vår ref: 2022/5872

Dykkar dato:

Dykkar ref:

KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

**Sykkylven kommune**
**Detaljregulering for Aursnes industriområde**
**Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid**

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Kibsgaard Petersen søkjer på vegne av Aursnes Eigedom AS oppstart av planarbeid for detaljregulering Aursnes industriområde i Sykkylven kommune. I gjeldande kommunedelplan er arealet avsett til næring og hamn. Plangrensa er trekt utover dette og omfattar noko sjøareal.

Føremålet er å *«legge føringer for å den videre utviklingen og utbyggingen innenfor området. Forslagstiller har eksisterende fabrikk innenfor planområdet og de ønsker å utvide fabrikken og bedre vegen mellom produksjonslokalene. Hele industriområdet i tillegg til noe areal li sjø vil være del av detaljreguleringsplanen».*

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

**Samfunnstryggleik og klimatilpassing**
Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Det er i oppstartvarselet allereie peika på nokre potensielle forhold som må avklarast i ROS-analysen. Vi gjer merksam på at DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

E-postadresse: sfmrpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse: Postboks 2520
6404 Molde

Besøksadresse: Julsundvegen 9

Telefon: 71 25 84 00
www.statsforvaltaren.no/mr

Org.nr. 974 764 067

Vi ser kommunen kjenner til «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

**Friluftsliv**
Planområdet grenser mot det statleg sikra friluftsområdet Aursneset. Planomtalen må skildre både verdiane av dette området samt om planlagt aktivitet vil påverke bruken/opplevingsverdien av friluftsområdet.

Ein må vurdere å avsette buffersone mot friluftsområdet. Om næringsaktiviteten er støyande kan det også bli behov for avbøtande tiltak mot støy i denne sona.

Å legge til rette for gangferdsel forbi næringsområdet (kyststi) vil slå positivt ut for nærmiljøet og utvide bruken til og frå friluftsområdet Aursneset. Vi ser at dette har vore oppe til diskusjon i oppstartsmøtet, og vi oppmodar til at ein ser på løysingar for dette.

**Forureining og støy**

Støy
Støy må avklarast. Vi viser til Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen. Føremålet med retningslinjene er å «*legge til rette for en langsiktig arealdisponering og planlegging av det fysiske miljø som fremmer trivsel og bokvalitet, forebygger helsekonsekvenser av støy, samt ivaretar og utvikler gode lydmiljøer og stille områder*».

Det må utarbeidast støykart for næringsaktiviteten. Dersom aktiviteten gir støytilhøve over anbefalte grenseverdiar for støyfølsam bruksføremål og det viktige friluftsområdet ved Aursneset må det utarbeiadast detaljert støyutgreiing som inneheld:

- Kart som viser støynivå på uteopphaldsareal etter utbygging – med og utan avbøtande tiltak
- Kart eller figur som viser støynivå i relevante høgder på fasader – med og utan avbøtande tiltak
- Skildring av avbøtande tiltak
- Dokumentasjon på at grenseverdiane i tabell 2 i retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging ( T-1442/2021) kan oppnåast

Miljødirektoratet har eigen rettleiar som utdjupar føringene i Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga. Denne finn de her.

**Strandsone**
Strandsona er av nasjonal betyding og skal forvaltast slik at miljøverdiar og allmenne interesser takast vare på. Det er viktig å unngå uheldig utbygging.
Planområdet omfattar eksisterande næringsareal i tråd med overordna plan. Vi rår likevel til at vidare utvikling av området tek omsyn til landskap og strandsoneinteressene ved utforming av utbygging mot sjøsida. Kaifronter, eventuelle utfyllinger og bygningsmasse bør utformast med kvalitet, slik at det ikkje forringer landskapet i større grad enn naudsynt.

Utfylling i sjø
Det går ikkje fram av oppstartsvarselet om det er planlagt utfylling i sjø, men planavgrensinga strekk seg ut i sjøen. Utfylling i sjø kan vere søknadspliktig etter forureiningslova. Tiltaket må skje i tråd med retningslinjene i rettleiaren for handtering av sediment (M-350).

Forureina grunn
Eventuelle inngrep i forureina grunn på land må utførast i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 2.

**Konklusjon**
Vi viser til merknadene og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Ulf Lucasen (e.f.)<br>ass. miljøverndirektør | Jorunn Mittet Eriksen<br>rådgivar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

**Fagsaksbehandlar**
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE | Postboks 2500 | 6404 | MOLDE |
| STATENS VEGVESEN | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | LILLEHAMMER |
| NVE VEST | Naustdalsvegen 1B | 6800 | FØRDE |

Møre og Romsdal fylkeskommune

KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 24.11.2022 | 150931/2022/REGULERINGSPLAN/1528 | Ingeborg Forseth, 71 28 01 55 | 03.01.2023 |

-

# Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Aursnes industriområde - fråsegn ved oppstart

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Saka gjeld oppstart av Detaljreguleringsplan for Aursnes industriområde. Området er på omlag 75 daa. I gjeldande kommunedelplan er området avsett til Næring og hamn. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

**INNSPEL TIL PLANARBEIDET**
**Samferdsel**
Arealbruk
Det ikkje kjem klart fram av planforslaget om regulert bustadareal skal vidareførast eller ikkje. Vi er samde i Statens vegvesen sin merknad om at arealbruk som avklart i kommunedelplanen bør følgast opp i detaljreguleringa, og tilrår at bustadformål ikkje blir vidareført. Bustad bør samlokaliserast med annan busetnad på nordsida av fylkesveg 60, slik at ferdsel langs lokalvegnettet kan skje utan å måtte krysse fylkesvegen. Vidare er ev. bustad på sørsida av fylkesvegen uheldig med tanke på miljømessige ulemper frå vegtrafikken. Vi har ikkje særlege innspel til at det startast planarbeid under føresetnad av at dette skjer i samsvar med føresegner og retningsliner gitt i kommunedelplanen for Ikornes.

Byggegrense og tilkomst
Fylkesveg 60 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 2165-3677 køyretøy, og fartsgrense 80 km/t. Fylkesvegen er i rammeplan for avkøyrsler og differensierte

byggegrenser gitt haldningsklasse «meget streng» og ei generell byggegrense på 50 meter målt frå senterlinje fylkesveg. I denne haldningsklassen skal vegane i prinsippet vere avkøyrselsfrie. Utvida bruk av avkøyrsel//kryss blir berre godkjent etter reguleringsplan og i tråd med kommune(del)plan.

Planområdet er knytt til fylkesvegnettet via kommunal veg, Naustvegen. Reguleringsplanen vil kunne legge til rette for auka trafikk i krysset, og det må derfor bli tatt stilling til og vurdert om kryss mellom kommunal veg og fv. 60 er dimensjonert, drifta og vedlikehalde slik at det vil tole den auka trafikken reguleringsplanen vil medføre. Kan til dømes to køyretøy møtast utan avviklingsproblem i krysset, og er sikttilhøva i samsvar med krava i vegnormalane? Kryss må vurderast sett opp mot krava i Statens vegvesen si handbok N100. Eventuelle behov for utbetring av kryss må bli stilt som rekkefølgjekrav.

Den etablerte passeringslomma på fv. 60 kan sjå ut som den ikkje er i tråd med dagens krav i handbok N100, den ser ut til å vere både smal og for kort, jf. krav 4.1.1.4-1 i N100. Det må i reguleringsplanen bli sett av tilstrekkeleg areal til at denne kan utbetrast i tråd med krava i N100 kapittel 4.3.3.

Annan veggrunn
Fylkesvegen sitt eigedomsområde, sikkerheitssone og ervervsareal må bli regulert til formålet «annan veggrunn». Ervervsarealet er sikkerheitssona + 2 meter målt frå vegkant. Sikkerheitssone blir bestemt ut ifrå krava i handbok N101.

Kollektivhaldeplass og mjuke trafikantar
Det er etablert ein busshaldeplass langs fv. 60 som grensar mot planområdet. Denne er ikkje utforma i tråd med dagens krav til utforming, og det må bli sett av tilstrekkeleg areal til at denne kan utbetrast i tråd med krava i kapittel 4.3.3 i handbok N100.

Eit næringsområde vil skape arbeidsplassar, og det er vidare etablert ein bustad i området. For at fleire skal kunne sykle eller gå på jobb, er det viktig at det blir lagt til rette for ein trygg ferdsel. Det er regulert gang- og sykkelveg på nordsida av fylkesvegen, men denne er ikkje bygd ut. Ei alternativ løysing for dei som bur i områda nord for fylkesvegen, og mellombels løysing for dei som kjem langs fylkesvegen, er over lokalvegnett. Det kan sjå ut som det er lagt opp til kryssing av fylkesveg i krysset mellom fv. 60 og Fauskevegen. Reguleringsplanprosessen må grundig vurdere ferdsel av mjuke trafikantar til området, og trygg kryssing av fylkesvegen må også vurderast nøye.

Avsluttande kommentar
Vi viser til våre merknader og ber om at desse blir tatt med i den vidare planprosessen. Planforslaget må knyte rekkefølgjekrav til alle tiltak som påverkar og sikrar dei trafikale løysingane, jf. pbl. § 12-7 pkt. 10. Vi vil vurdere å fremme **motsegn** dersom ikkje våre merknader blir tatt omsyn til i den vidare planprosessen.

**Marine kulturminne**
Uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum:

> «Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Aursnes industriområde i Sykkylven kommune som kan bli direkte råka som følgje av den omsøkte reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringsplanen.
>
> Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må

> arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

**KONKLUSJON**
Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar
Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40
Marine kulturminne: rådgivar Maiken Holst, post@museumvest.no

Kopi:
Sykkylven kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
NVE

NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

**Vår dato:** 04.01.2023
**Vår ref.:** 202222212-3 Oppgis ved henvendelse
**Deres ref.:**

**Saksbehandler:** Ole-Jakob Sande, 22959545, ojs@nve.no

# NVEs innspill til varsel om oppstart av detaljregulering for Aursnes industriområde i Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 24.11.2022. Saken gjelder varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Aursnes industriområde i Sykkylven kommune. Formålet med planarbeidet er å legge føringer for den videre utviklingen og utbygningen innenfor området. Forslagstiller har eksisterende fabrikk innenfor planområdet og de ønsker å utvide fabrikken og bedre vegen mellom produksjonslokalene. Hele industriområdet i tillegg til noe areal i sjø vil være del av detaljreguleringsplanen.

## Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

## NVEs konkrete innspill

*Grunnforhold*

Innenfor planområdet kan det være marin leire, jf. aktsomhetskart i NVE Atlas. I avsetninger med marin leire kan det være kvikkleire eller sprøbruddmateriale som kan forårsake skred.

I regi av NVE er det gjennomført kartlegging av fare for store kvikkleireskred i Sykkylven kommune. NVE rapport 66/2019 er tilgjengelig på NVEs nettsider. Resultat fra kartleggingen er tilgjengelig i en egen kartløsning i tillegg til at omriss av kartleggingsområdet er vist i NVE Atlas. Områda som er vurdert med fare eller mulig fare

kan lastes ned for import til egne kartsystem. I rapportens kapittel 7 er det gitt anbefalinger for oppfølging i plan- og byggesaksarbeid.

Innenfor skissert planområde er det kartfesta areal som aktsomhetsområde for marin leire. Fare for områdeskred er vurdert som ikke reell, men det kan likevel være utfordringer med lokal stabilitet i byggegrunn. NVE anbefaler at planbestemmelsene setter krav om at ansvarsområde geoteknikk (RIG) er belagt i alle byggesaker der det skal fundamenteres på løsmasser, foretas masseutskifting eller vesentlige terrenginngrep.

I NVEs veileder 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred er det i kapittel 2.8 et eget kapittel om aktsomhet i strandsonen. Skred i sjø kan utløses i alle typer løsmasser. Det kan være svært vanskelig å forutse konsekvensene av en lokal overbelastning i sjø. Det må derfor alltid gjøres grunnundersøkelser og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsonen. Selv om fare for områdeskred av kvikkleire er avkreftet i planprosessen bør planen derfor sette krav om grunnundersøkelse og geoteknisk detaljprosjektering i byggesaken når den innebærer tiltak i strandsonen.

*Flodbølge som sekundær konsekvens av fjellskred*

Deler av planområdet er utsatt for fare for oppskylling av flodbølge som sekundær konsekvens av fjellskred i Åkneset, jf. NGI rapport 20151018-00-1-r sist revidert 21.02.2011. Fareområdene må reguleres med hensynssone i plankartet, med tilhørende bestemmelser om krav til sikkerhet i henhold til krava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

Dersom planen legger opp til tiltak som ikke har tilstrekkelig sikkerhet etter TEK17 § 7-4, må tiltakene avklares etter unntaksbestemmelsen i TEK17 § 7-4.

**Generelle råd**

For å få en fullstendig oversikt over hvordan dere kan ta hensyn til våre tema i reguleringsplanen anbefaler vi dere å bruke våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og veiledningen lagt opp etter plannivå. Vi vil særlig vise til Kartbasert veileder for reguleringsplan. Veilederen leder dere gjennom alle våre fagområde, og gir dere verktøy og innspill til planarbeidet. Den som utarbeider planen, har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

**NVEs oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt uten underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.*

**Mottakere:**
KIBSGAARD-PETERSEN AS

**Kopimottakere:**
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
SYKKYLVEN KOMMUNE

**Frå:** Arild Sunde Rinnan
**Send:** 16. desember 2022 15:06
**Til:** KR Sørgård
**Kopi:** Odd Jostein Drotninghaug; Njell Inge Hoftun
**Emne:** SV: Reguleringsplan Aursnes industriområde

I løpet av ein planprosess kan det vere aktuelt å involvere fleire partar enn kva som er «obligatorisk» i eit oppstartsvarsel og vidare høyringar. Så det er fint å få inn tips til kven som kan ha interesse av og kan bidra inn i planarbeidet som du her har gjort. Det er ei offentleg kunngjering av oppstart så her kan alle kome med innspel.

Kommunen hadde i oppstartsmøte med forslagstillar oppe temaet med ein sammanhengande gangpassasje gjennom område som på sikt kan bli ein del av ein samanhengande kyststi (referat side 4). Sjølv om dette kan vere utfordrande å få til innanfor eit industri og kaiområde så vil dette vere eit tema som må bli vurdert i planarbeidet og evt forhold som gjer at dette ikkje lar seg gjennomføre må argumenterast for.

Om du har innspel og meiningar om planarbeidet er det viktig at dette i denne runda sendes til plankonsulent (Kipsgaard- Petersen) innan fristen. Då blir innspela tatt med vidare og må svarast ut i dokumenta som går til høyring.

Mvh,

Arild Sunde Rinnan
**Arealplanleggar**

**Tlf. 94 78 46 89 Tlf. sentralbord 70 24 65 00**

**arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no**

SYKKYLVEN SKAPARGLEDE

*Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.*

---

**Frå:** KR Sørgård <kurtroger@hotmail.com>
**Send:** 13. desember 2022 00:16
**Til:** Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>
**Kopi:** Odd Jostein Drotninghaug <odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no>; Njell Inge Hoftun <njell.hoftun@sykkylven.kommune.no>
**Emne:** Reguleringsplan Aursnes industriområde

**[ADVARSEL]** Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei,

Det er viktig at planarbeidet med å gjere Sykkylven meir attraktiv for både noverande og nye innbyggerane og arbeidstakarar, samt besøkende, blir spesielt involvert når slike reguleringsplaner som vedlegget viser til skal handsamast.

Fleire enn oss nærmaste naboar (som er på lista) bør obligatorisk inviterast for å drøfte den viktige sona ved sjøfronten vår, som i dagens situasjon bl.a er med på å blokkere for ferdsel for myke traffikkanterer, både langs kyststripa generelt, men og inn og ut av bygda.

Om Sykkylven kommune skal kunne skilte med å være trafikksikker kommune, være attraktiv kommune, drive arbeid med ei hovedferdselsåre gjennom kommuna (tursti), satse på et grønnere alternativ for framkommelighet (både pendling og internt i bygda), vere god på ferdsel for eldre og mennesker med spesielle behov, m.m(!) - så MÅ det under et slikt reguleringsarbeid i disse områda (som blokkerer totalt for ferdsel for allmennheten) kreves ei tilrettelagt og sikker ferdselsåre.
Ein heilt enkel passasje, for ei heilt enkel forbipassering, er tilstrekkelig. Det kan vel ikkje vere anna enn positivt å verken stille krav til fra myndigheten (kommune/fylke), eller tilbudt ferdig tilrettelagt fra forslagsstiller(?).

Det vises i brevet fra prosjekterende til å melde tilbake til dei, men her kan vel Sykkylven kommune sjølve be om viktig involvering/innspel fra både SNU, omstillingsprogrammet, Kyststiinitiativet, Ytre Fauske og Aursneset grendalag m.v. for å få et best mulig resultat ut av planarbeidet?

Ønsker tilbakemelding i god tid innen frist beskrevet i brevet.

Mvh

Kurt Roger Sørgård

**Emne:** Innspel detaljreguleringsplan Aursnes industriområde, Sykkylven
**Dato:** onsdag 21. desember 2022 kl. 08:40:06 sentraleuropeisk normaltid
**Fra:** Harald Rogne
**Til:** Firmapost

Viser til nemnde plan og dokument som ligg tilgjengeleg på Sykkylven kommune si heimeside.

Eg har fylgjande to merknader/kommentarar til planen:

**Eldre naust**

Mi mor, Oddrun Kirsten Rogne, er eigar av Gnr. 1 Bnr. 5 og er gjennom dette eigar av eit av dei fire nausta som ligg innanfor planområdet. Dette framgår av tinglyst avtale datert 17.10.1910. Denne gir ho også vegrett og båtstø til naustet.

Ho har av ukjent grunn, ikkje motteke nabovarsel i høve planarbeidet. Sidan ho ikkje er digital, ber eg derfor om at dette blir sendt til henne med adresse Fjordvegen 49, 6230 Sykkylven og at ho kjem med på varslingslista.

Desse fire nausta er av ukjend grunn ikkje nemnd under punkta 2 og 10 i referatet frå oppstartsmøtet.

Mi mor blei både varsla om, og var representert på, eit uformelt møte i regi av Tor Rieve Kristiansen tidlegare i år.

**Øvrige bebuarar på Aursneset og Ytre Fauske**

Som det framgår av varslingslista, er det berre tilgrensande naboar til planområdet som har blitt varsla, noko som er i samsvar med gjeldande lovverk.

På grunn av topografien, blir alle som bor i nemnde bustadområde påverka av det som skjer på industriområdet.

I alle åra det har vore industridrift, heilt tilbake til 1930-åra, har ikkje dette vore til bry for bebuarane. Men, etter at den kommunale kaia blei bygd, har dette endra seg kraftig gjennom aktiviteten denne har ført til. Hovudsakeleg gjeld dette tømmerlastinga som skjer frå kaia.

Pr. dato er dette, slik eg forstår det, regulert gjennom grannelova og normalvedtektene for kommunane når det gjeld støy, der det skal vere ro mellom kl. 23.00 – 07.00. Det har vore fleire tilfelle av lasting utanfor denne tidsperioden. Etter mange klager til Sykkylven Hamn, med ulik grad av oppfølging, har det vore nødvendig å få denne aktiviteten påtalt og stoppa av politiet ved einskilde høve.

Det eg veit at fleire av oss som bur i området er opptekne av, er at det ikkje blir gjeve løyve til aktivitet på kaiområdet mellom kl. 23.00 – 07.00 og at dette kjem med i planen for heile industriområdet.

Normal aktivitet elles i døgnet, både når det gjeld industri og kaidrift, aksepterer vi utan problem.

Vi har eit aktivt grendelag, med eige styre, for bustadområdet Aursneset og Ytre Fauske. Kan grendelaget bli part i planarbeidet?

Med helsing

Harald Rogne

## Kenneth Gårdsvoll

**Fra:** Firmapost
**Sendt:** torsdag 5. januar 2023 17:01
**Til:** Kenneth Gårdsvoll
**Emne:** Videresend: Innspill detaljreguleringsplan Aursnes Industriområde, Sykkylven.

---

**Fra:** Per Ivar Furholm <pif@xi.no>
**Dato:** torsdag, 5. januar 2023 kl. 16:18
**Til:** Firmapost <firmapost@k-p.no>
**Kopi:** pif@moretrafo.no <pif@moretrafo.no>, Tor Rieve Kristiansen <t.r.kristiansen@me-group.no>
**Emne:** Innspill detaljreguleringsplan Aursnes Industriområde, Sykkylven.

Hei!
I forbindelse med planarbeid for å bedre transport mellom eksisterende(1/17 og1/8) og planlagte produksjonslokaler på 1/8 og 2/33 skal ikke
reguleringsstatus for 1/131, Naustvegen 16 endres. Dette er en bustadeigendom og regulert som bustad.

Det har vert samtaler om kjøp av denne eigendomen, men ingen avtale er gjort. Ønsker derfor at eigendomen blir holdt utenfor denne planprosessen!

Om det er et ønske om å ta med eigendomen i planarbeidet må en avtale om kjøp på plass snarest mulig.

Mvh
Per Ivar Furholm

## Kenneth Gårdsvoll

**Emne:** VS: Innspel detaljreguleringsplan Aursnes industriområde, Sykkylven

---

**Fra:** Ola Kibsgaard-Petersen <ola@k-p.no>
**Dato:** torsdag, 5. januar 2023 kl. 16:13
**Til:** Harald Rogne <harald.bastianson@gmail.com>
**Emne:** Svar: Innspel detaljreguleringsplan Aursnes industriområde, Sykkylven

Hei
Takk for tilsendt innspill til varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Aursnes Industriområde.
Ved utsendelse av varsel om oppstart innhenter vi varslingsliste via et digitalt register som gir oss en liste over grunneiere i området. Dette systemet inneholder nok ikke koplinger til tinglyste avtaler som i dette tilfelle. Vi har i dag uansett ettersendt varslet via post til din mor.

Grendelaget kan sende inn innspill til plansaken om de ønsker. Varslet er sendt til registrerte grunneiere i området og annonsert i Nyss. Alle som har innspill til planarbeidet kan tilskrive oss i denne runden, eller til kommunen når det fremtidige planforslaget blir sendt ut til offentlig ettersyn

med vennlig hilsen
for Kibsgaard-Petersen as

Ola Kibsgaard-Petersen
www.k-p.no 90741937

---

**Fra:** Harald Rogne <harald.bastianson@gmail.com>
**Dato:** onsdag, 21. desember 2022 kl. 08:40
**Til:** Firmapost <firmapost@k-p.no>
**Emne:** Innspel detaljreguleringsplan Aursnes industriområde, Sykkylven

Viser til nemnde plan og dokument som ligg tilgjengeleg på Sykkylven kommune si heimeside.

Eg har fylgjande to merknader/kommentarar til planen:

**Eldre naust**

Mi mor, Oddrun Kirsten Rogne, er eigar av Gnr. 1 Bnr. 5 og er gjennom dette eigar av eit av dei fire nausta som ligg innanfor planområdet. Dette framgår av tinglyst avtale datert 17.10.1910. Denne gir ho også vegrett og båtstø til naustet.

Ho har av ukjent grunn, ikkje motteke nabovarsel i høve planarbeidet. Sidan ho ikkje er digital, ber eg derfor om at dette blir sendt til henne med adresse Fjordvegen 49, 6230 Sykkylven og at ho kjem med på varslingslista.

Desse fire nausta er av ukjend grunn ikkje nemnd under punkta 2 og 10 i referatet frå oppstartsmøtet.

Mi mor blei både varsla om, og var representert på, eit uformelt møte i regi av Tor Rieve Kristiansen tidlegare i år.

**Øvrige bebuarar på Aursneset og Ytre Fauske**

Som det framgår av varslingslista, er det berre tilgrensande naboar til planområdet som har blitt varsla, noko som er i samsvar med gjeldande lovverk.

På grunn av topografien, blir alle som bor i nemnde bustadområde påverka av det som skjer på industriområdet.

I alle åra det har vore industridrift, heilt tilbake til 1930-åra, har ikkje dette vore til bry for bebuarane. Men, etter at den kommunale kaia blei bygd, har dette endra seg kraftig gjennom aktiviteten denne har ført til. Hovudsakeleg gjeld dette tømmerlastinga som skjer frå kaia.

Pr. dato er dette, slik eg forstår det, regulert gjennom grannelova og normalvedtektene for kommunane når det gjeld støy, der det skal vere ro mellom kl. 23.00 – 07.00. Det har vore fleire tilfelle av lasting utanfor denne tidsperioden. Etter mange klager til Sykkylven Hamn, med ulik grad av oppfølging, har det vore nødvendig å få denne aktiviteten påtalt og stoppa av politiet ved einskilde høve.

Det eg veit at fleire av oss som bur i området er opptekne av, er at det ikkje blir gjeve løyve til aktivitet på kaiområdet mellom kl. 23.00 – 07.00 og at dette kjem med i planen for heile industriområdet.

Normal aktivitet elles i døgnet, både når det gjeld industri og kaidrift, aksepterer vi utan problem.

Vi har eit aktivt grendelag, med eige styre, for bustadområdet Aursneset og Ytre Fauske. Kan grendelaget bli part i planarbeidet?

Med helsing

Harald Rogne

## Oddrun Kvammen

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Beate Vigmostad Grøvik <beatevt@gmail.com> |
| **Sendt:** | fredag 6. januar 2023 13:29 |
| **Til:** | Firmapost |
| **Kopi:** | KR Sørgård; arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no; odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no; Njell Inge Hoftun |
| **Emne:** | Innspill detaljreguleringsplan Aursnes Industriområde, Sykkylven |

Hei,

viser til brev sendt ut 24.november 2022 vedr "Oppstart av privat detaljreguleringsplan for Aursnes Industriområde Sykkylven kommune".

Som prosjektleder av Sykkylven Kyststi, et initiativ kommet opp av lokale ildsjeler, men som er forankret i kommunens anleggsplan og som støtter opp om fylkets mål om å bli bærekraftsfylke #1 i Norge, ønsker jeg å be om at vi involveres i det videre planarbeidet.

Sykkylven Kyststi har som visjon å berike de helt særegne naturopplevelsene som allerede finnes langs kysten vår. Kyststien skal forbinde allerede etablerte traseer, og det vil bli utarbeidet nye. Overordnet mål er å gjøre det utilgjengelige tilgjengelig, og det skal legges til rette for ulike brukergrupper. Gjennom Kyststien skal det bli enklere for Sykkylvens innbyggere, og tilreisende, å komme tett på den storslåtte naturen og opplevelsene vi har.

Et viktig utgangspunkt for Kyststien, er Aursnes Fergekai. Her er det per i dag ikke en trygg og god trase videre inn til sentrum, men vi er i god dialog med flere av grunneierne mellom Aursnes Fergekai og Sykkylven Sentrum (Aure). Grunneierne er i stort positive, og vi har også vært i dialog med deler av industrien som også er positive - men selvfølgelig opptatt av at man sørger for riktig sikring for trygg ferdsel på slike områder.

Planområdet som dere har skissert i brevet, er av stor interesse for oss i prosjektet, å få en god løsning på. Vi mener dette vil være til beste for industrien, innbyggere og tilreisende, om man kan få en god ferdsel for myke trafikanter på dette området.

Med bakgrunn i dette ber vi i prosjektet om et møte med kommunen og representant for tiltakshaver for det videre planarbeidet.

Ser frem til å høre fra dere,

mvh
Beate Vigmostad Grøvik
Mobil: 90055367

## Oddrun Kvammen

| | |
|---|---|
| **Fra:** | sindre stuen <stuen77@msn.com> |
| **Sendt:** | fredag 6. januar 2023 13:08 |
| **Til:** | Firmapost |
| **Kopi:** | Arild Sunde Rinnan; odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no; njell.hoftun@sykkylven.kommune.no |
| **Emne:** | Reguleringsplanen Aursnes Industriområde |

God Ettermiddag, K-P AS
Vi har lokalt diskutert i grendelaget og litt i nabolaget på hvordan dette her vil påvirke oss. Generelt så er det bra at industrien går og vil utbedre arealet. Men siden dere er så høflige og ber om merknader så tenkte jeg å bringe videre litt av det jeg har plukket opp.

Døgn arbeid på djupvasskaia kunne bli til sjenanse for aursnes bebuarane men det kan eg ikkje sjå er ein del av planen sin agenda.

Men sånn generelt så er det et par ting som kan være relevant. Det er tilkomst til sjøsida og gjennomfart. Der er i området lite trafikksikkert så det å komme seg rundt om på Aursnes opp og ned til sjøkanten har gått igjennom dette industriområdet. Det er og planlagt/under planlegging en kyststi har vi plukket opp.

Så det vi ønsker er at i planene blir tatt hensyn til at gående og syklende kan komme seg igjennom området til sjøsidene og langs med veien på en sikker måte. Alternativt at dere la inn gangveger i området som vi kunne passere området på en måte som ikke var til bryderi for industrien og en trygg gjennomgang for oss lokale myke trafikanter. Utgangspunktet til det industriområdet er stort og dekker det meste av sjøsiden til vårt nabolag. Men vi ønsker å være gode naboer og samtidig ha tilgang til å bruke sjøsiden. Og ikke minst for de mange som går og sykler til industrien der er ikke noen overgangsfelt, men om dere la opp for at det skulle komme kanskje vi kunne ha tatt det videre med fylkeskommunen at det må på plass. Det er en del som går til og fra jobb der og ikke minst sykler til fabrikkene, da kommer kyststien sine tanker til sin rett mener jeg.

Med Vennlig Hilsen
Sindre Ramstad Stuen
Leder for Ytre Fauske og Aursnes Grendalag
Epost: Stuen77@msn.com
Mob: 97770025